



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	Styre 22/052	Dato:	04.12.2022

Handsamingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks 14.12.2022 vedtak

Målform for HBR

HANDSAMING:

Tilråding frå brannsjef

1. Styret for Haugaland brann- og redning iks vedtek ein profil for målform i selskapet der følgjande målform vert lagt til grunn:

Produkt	Målform
Sakshandsaming	Valfritt
Sakspapir til styre og representantskap	Nynorsk
Interne saksdokument (referat, planar, analysar m.m.)	Valfritt
Brosjyrar, trykksaker med meir	Valfritt
Heimeside og sosiale medium	Valfritt

Sakshandsaming i styret 14.12.2022

Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

SAKSOPPLYSNINGAR:

Haugaland brann og redning iks er utfordra ved fleire høve på målform ved sakshandsaming, trykksaker, namnsetjing og skriftleg produksjon med meir.

I dag har me eigarar med følgjande målform, jf. Forskrift om språkvedtak i kommunar og fylkeskommunar:

Kommune	Målform	Kommunen si heimeside	Innbyggjarar
Sveio	Nynorsk	Nynorsk	5 722
Tysvær	Nynorsk	Bokmål	11 336
Vindafjord	Nynorsk	Nynorsk	8 847
Bokn	Nynorsk	Nynorsk	856
Karmøy	Nøytral	Bokmål	42 838
Utsira	Nøytral	Bokmål	203

Etne og Suldal er ikkje med i oversikta då dei er på veg ut av selskapet som eigarar.

Ut frå eigarkommunar er det ei overvekt med dei som har nynorsk målform. Ut frå innbyggjartal er det ei overvekt for dei som nyttar bokmål som målform (sjølv om dei er nøytrale). Innbyggjartalet er dimensjonerande for samansetninga av tilsette i selskapet, og dermed er det eit fleirtal av dei fleste tilsette som nyttar bokmål dagleg skriftspråk.

Lov om språk (språklova) seier:

§ 3: Lova gjeld for HBR ettersom eigarkommunane utgjer stemmene i representantskapet.

§ 4: Bokmål og nynorsk skal for offentlege organ sjåast på som likeverdige språk.

§ 12-18: Gjeld statsorgan.

Det er ikkje krav til eit interkommunalt selskap om å nytta bokmål og/eller nynorsk utover dei generelle krava som kjem fram av språkloven. Det er med andre ord opp til HBR sjølv å fastsetje reglar for kva språkprofil selskapet skal ha.

I dag vert det i all hovudsak nytta bokmål, men det vert skrive rapportar, årsmeldingar, presentasjonar med meir på nynorsk avhengig av sakshandsamar.

VURDERINGAR:

Det vil vera naturleg å nytta det målform som kvar enkelt kommune har vedtak om å nytta. Med at me har kommunar som enten er nøytrale eller har nynorsk som målform, burde selskapet praktisere nynorsk som sitt målform. Det som også talar for å bruke nynorsk som målform, er at dette er nærast slik me snakkar på Haugalandet.

Vidare er det ei forventning til at tilsette i HBR kan skrive både nynorsk og bokmål. Realiteten er likevel at det er mange tilsette (fleirtalet) som ikkje har praktisert bruk av nynorsk i arbeidslivet. Fleire har gitt uttrykk for at dei slit med å skrive nynorsk på ein måte som framstår som eit godt språk. For å oppnå betre kvalitet på skriftspråket, må det påreknast kompetansehevande tiltak. Dette vil krevje både tids- og kostnadsressursar.

Ein annan kostnadsressurs er eventuell endring av heimeside, dataprogram (malar) og brosjyrar om desse skal omarbeidast frå bokmål til nynorsk.

Ut frå ovannemnde vurderingar vil den ideelle målformprofilen vera at det som vert skrive i HBR gjenspeilar kommunane sine vedtak om målform. Dette må likevel vegast opp mot kor mykje tids- og arbeidsressursar samt økonomiske ressursar som selskapet ønskjer å leggja i det å få ein optimal balanse mellom nynorsk og bokmål som målform.

Forslag til profil for målform vert derfor (frå og med 1.1.2023):

Produkt	Målform	Kommentarar
Sakshandsaming	Valfritt	Sakshandsamar vert oppfordra til å svare på den målforma som innkommande post er skrevet i.
Sakspapir til styre og representantskap	Nynorsk	Vedlegg til saker er ikkje alltid eigenproduserte og dokumentet kan leggest ved på originalt målform.
Interne saksdokument (referat, planar, analysar m.m.)	Valfritt	Det skal motiverast for å skrive fleire saksdokument på nynorsk.
Brosjyrar, trykksaker med meir	Valfritt	Der det ikkje er ressurskrevjande, skal det føreligge brosjyrar og trykksaker på begge målform.
Heimeside og sosiale medium	Valfritt	Inntil vidare vert heimeside og andre plattformer verande på bokmål ut frå ein kost-/nyttevurdering.

Tabell 1

Tabell 1 er retningsgivande og ikkje absolutt.

Haugesund, 04.12.2022

Dag Botnen
brannsjef

Vedlegg: